

**From:** Kristen Skrivarvik <kristen.skrivarvik@sfe.no>  
**Sent:** 23. mai 2016 06:44  
**To:** NVE  
**Cc:** Marthinsen Kirsten  
**Subject:** Høyringsfråsegn til søknadar om tre småkraftverk i Lærdal kommune

SFE Nett AS ynskjer som utgreiingsansvarleg for kraftsystemet i Sogn og Fjordane å gje ei kort høyringsfråsegn til dei 3 småkraftverka i Lærdal kommune (Tynjadalen-, Fossteigen- og Øvre Kvemma kraftverk) som er send ut på felles høyring.

SFE Nett har ingen merknad til sjølve kraftverka, men vil kommentere den regionale nettsituasjonen.

Samla planlagd utbyggingsomfang i Lærdal er stort. Statnett sin transformator i Borgund, mellom 300kV sentralnett og Lærdal energi sitt 66kV regionalnett reknar vi som fullt utnytta. Konsesjon for større transformator vart gjeve i 2014.

Lærdal Energi (LE) sitt 66kV nett vil og måtte forsterkast. LE fekk og i 2014 konsesjon for ny 66(132)kV forbindelse frå Borgund, via Stuvane og Lærdal, til Mork kraftverk. Det var og gjeve løyve til auka transformering 66/22kV. Manglande lønsemeld gjer at delar av den planlagde nye produksjonen no ikkje er aktuell. Ei revurdering og justering av planlagde nettforsterkingar bør gjerast når aktuelt utbyggingsomfang er kjend.

Venleg helsing

**Kristen Skrivarvik**  
Senioringeniør nettforvalting  
SFE Nett AS  
T: 57 74 61 66 | M: 489 99 320 | [sfenett.no](http://sfenett.no)

**Sogn og Fjordane Energi**

